



Statens vegvesen

STIAN ANDRE RAUNEHAUG
LEKNESVEGEN 111
5915 HJELMÅS

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Tone Bøyum / 55516792 18/45379-11 11.10.2018

Uttale – Avkjørsel og byggjegrense – Fv. 391 – gnr. 195 bnr. 71 – Lindås kommune

Vi viser til utfyllende søknad og nytt teikningsgrunnlag for søknaden din, mottatt 17.08.2018.

Saksgang:

Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggjegrense langs veg, jf. *1. Generelle føresegner og retningsliner*. Pkt. 1.6. Kommunen har vedtatt ei byggjegrense på 15 meter på denne strekninga. Det er difor Lindås kommune som eventuelt skal handsame ein slik søknad. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt fagområde jf. plan og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker.



Revidert situasjonsplan datert 17.08.2018

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale:**Byggjegrense:**

Bustadhus, garasje, tilkomstveg og parkering ligg innanfor byggjegrensa til fylkesvegen, som er 15 meter.

Vi har tidlegare svart at bustadhus må ligge minimum 15 meter fra vegmidte og at garasjen kan leggast på same linje som på nabotomta. Vi har uttalt at tilkomstvegen ligg for nære fylkesvegen.

Vi har no fått tilsendt profilar på tilkomstvegen. Det er ikke oppgitt målestokk på profilane og det er vanskeleg å tolke kva inngrep som trengs mot fylkesvegen for å realisere tilkomstvegen. Minste horisontalavstand er oppgitt til 4 meter. Vi meiner at profilane syner eit framlegg som ligg for tett på fylkesvegen. Det er ikke oppgitt om det er behov for å gjere tiltak i vegen sine sideområder for å gjennomføre tiltaket. Austre del av tomta ligg i ei skarp kurve som er markert med varselskilt som skal markere retninga gjennom svingen. Vi meiner at skilta i seg sjølv markerer at faren for utforkøyringar her er reell. Slik tilsendte profiler syner vert skjeringa ned til tilkomstvegen på meir enn tre meter og dette meiner vi er svært høgt.

Vi meiner at planane for tomta bør gjerast om på. Ei løysing er å plassere garasje, parkering og eventuell snuhammar i tilknyting til avkøyrsla på motsett side av tomta. Då vil behovet for tilkomstveg langs heile tomta falle bort. Det er også rom for å justere plassering av avkøyrsla så lenge ikke dette kjem i konflikt med siktsonene.

Du kommenterer at fleire bustadhus og garasjar er plassert nærmere veg enn 15 meter på denne strekninga. Vi vil difor opplyse om at byggjegrensa langs veg er skjerpa inn dei seinare åra, og at tiltaka som det er referert til difor kan vere kan vere oppført i ei tid der det ikke var behov for dispensasjon frå byggjegrensa. Ein har no vorte meir bevisst både på ulempene det medfører å bu langs veg, samt at til dømes vegutviding, trafikktryggingstiltak og vedlikehald av vegnettet vert dyrare som følgje av at tiltak er oppført for nære vegen. Det er også eit poeng at det er uheldig å «låse» begge sider av vegen, slik at det med fører ulepper for vegeigar ved til dømes vegutviding.

Avkøyrsle:

Det kan pårekna avkøyrsleløyve dersom kommunen gjev løyve tiltaket. Våre krav til utforming kjem fram av brev datert 07.05.2018. Endeleg plassering av avkøyrsla må avgjera i den vidare prosessen.

Oppsummert:

- Det kan pårekna avkøyrsleløyve dersom kommunen gjev løyve tiltaket. Våre krav til utforming kjem fram av brev datert 07.05.2018.
- Vi rår til å endre søknaden slik at det ikke vert behov for tilkomstveg langs heile tomta.
- Dersom det er behov for tilkomstveg skal den vere plassert minimum 10 meter fra vegmidte.
- Bustadhus bør vere trekt 15 meter fra vegmidte.

- Garasjen er plassert 13, 5 frå vegmidte. Dette meiner vi er akseptabelt, men vi rår til ei ny plassering i tilknyting til avkøyrsla.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ